

Grunngjeve spørsmål

Volda kommune må vurdere studenttilskot

Ordførar

Volda kommune har no lagt lista høgt med ein lang og dyr ønskeliste. Denne består både av dei naudsynte investeringar som må gjerast for dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, som ny ungdomsskule og symjehall. Og dei tinga som er kjekt å ha i kommunen, som kulturhus, som ikkje er lovpålagt, men som er ein av fleire brikker som trengs for å gjere Volda meir attraktivt å flytte til. Problemet ligg i at denne ønskelista legg opp til ei sterk auke i lånegjelda til kommunen, og trongare økonomisk handlingsrom.

Difor må vi sjå etter kva moglegheiter vi har for å auke inntektene både på kort og lengre sikt. Ein slik potensiell kjelde vere studentane som bur i Volda. Eller rettare sagt, studentane som bur her, men ikkje har folkeregistrert adresse i Volda.

Fleire kommunar, blant anna Bodø, Stavanger, Kristiansand, Ås og no også nyleg Ålesund har eller er i ferd med å innføre ulike ordningar for studenttilskot og insentiv retta mot studentar for å få dei til å melde flytting, og gjere byane meir attraktive for studentar generelt. På denne måten får dei auka inntekter gjennom innbyggartilskot på omlag 25 000 kr pr tilflytta student.

Dette kan vere ein potensielt stor inntektskjelde som kommunen går glipp av. Sett i lys av den tronge økonomistyringa vi står framfor, vil det vere lurt å sjå etter løysingar som kan gi meir økonomisk handlingsrom til kommunen.

Difor vil eg spørje Ordføraren om følgjande:

Vil Ordføraren vurdere å be administrasjonen om å kartlegge antal studentar som bur i Volda, som ikkje har folkeregistrert adresse i Volda?

Og vil Ordføraren kunne vurdere at Volda kommune bør innføre tilsvarende ordningar slik som t.d Bodø, Stavanger, Kristiansand, Ås og Ålesund, og fremje eigen sak om dette?

Henning Holsvik, KrF

Kjelder:

<https://www.alesund.kommune.no/aktuelt/nyhetsarkiv/9942-kinodrift-og-insentivordning-for-studenter>

<https://www.nrk.no/nordland/studenter-far-5000-kroner-ekstra--men-bare-om-de-ikke-er-fra-nordland-1.14347147>

<https://www.as.kommune.no/her-kan-du-soeke-om-studentstoette-etter-meldt-flytting-til-as-kommune.6011218-415748.html>

<https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/gPnqe5/885-studenter-har-fatt-gratis-busskort---det-betyr-20-millioner-ekstra-i-kommunekassen>

SVAR PÅ GRUNNGJEVE SPØRSMÅL FRÅ HENNING HOLSVIK

Volda kommune må vurdere studenttilskot

Spørsmåla som er stilt er:

Vil Ordføraren vurdere å be administrasjonen om å kartlegge antal studentar som bur i Volda, som ikkje har folkeregistrert adresse i Volda?


Og vil Ordføraren kunne vurdere at Volda kommune bør innføre tilsvarende ordningar slik som t.d Bodø, Stavanger, Kristiansand, Ås og Ålesund, og fremje eigen sak om dette?

I mitt tidlegare liv som tilsett ved HVO veit eg at dette spørsmålet har vore reist fleire gongar, sist av meg sjølv i førre kommunestyreperiode då direkte til administrasjonen. Det ein må vurdere er potensialet og om ein vil prøve ei slik ordning, kva tiltak er så attraktive at studentar melder flytting til Volda.

HVO har om lag 4000 studentar, men av desse er om lag 2000 fulltidsstudentar. Sist eg studerte dette var det om lag 1/3 av fulltidsstudentane som pendla inn til Volda. Desse er ikkje aktuelle deltakarar i ei slik ordning. Ut frå godt naboskap bør ein heller ikkje tilby ordninga til studentar som er frå vårt nærområde, det vil føre til at vi «stel» inntekter og innbyggjarar frå gode grannar.

Dei studentgruppene som er mest aktuelle er dei som har lange studieløp i Volda som lærarutdanning, forskulelærar, sosialarbeidar, media og andre minst 2 årige utdanningar. Med unntak av media-utdanningane er dei fleste studentane på desse utdanningane frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, spesielt Sunnmøre og Nordfjord. På figuren nedanfor er vist fordelinga på sentrale utdanningar, rett nok for 2009 men det er neppe store endringar fram til i dag.


Dei viktige profesjonsutdanningane Rekrutteringsområde (2009)



Ein del studentar har alt meld flytting, dei som har barn i barnehage og skule må melde flytting. Dette kan vi sjå klart av befolkningspyramiden til Volda der innbyggartalet spesielt for gruppa 20 – 25 år er mykje større enn andre årsgrupper.

Demografi

Folketalspyramide, 2000 og 2018



SSB sitt framskrivningsalternativ NM/NM/NM (høydarbeidsnivå) nigg til grunn for framstillingene

Kjelde: SSB

Om ein vil unngå å «trakke grannar på tærne» er det i realiteten ikkje så mange studentar som det er aktuelt å rekruttere. I Ålesund var det snart 800 utanom dei frå Møre og Romsdal. Då er det ikkje teke omsyn til heiltid-deltid, korte studiar m.m. Vi bør og ekskludere Sogn og Fjordane. I tillegg har Ålesund ein meir nasjonal utdanningsprofil enn Volda. Uansett skal eg drøfte dette nærmare med leiinga til HVO for ei slik analyse krev tilgang til studentregister.

Den andre utfordringa er kva som kan tilbydast studentar slik at det blir oppfatta så positivt at dei melder flytting. Typisk er eingongsgåver, frikort til kulturtilbod, frikort til lokale reiser m.m. Vi må undersøke nærmare kva studentar sjølv meiner.

Volda kommune er no i innspurten av samanslåing med Hornindal og administrasjonen vår har ikkje kapasitet til ei slik utgreiing no. Men ei slik analyse bør vere veleigna som ei studentoppgåve. Eg vil derfor foresla at eg får fullmakt til å kontakte aktuelle studentgruppe ved HVO, til å formulere mandat for ei slik granskning og også til å gi dei eit rimeleg stipend for eit slikt arbeid.

Ordførar Jørgen Amdam

Volda 26.03.2019